

Isen trygg på Fjellandsbøvatnet

26.11.2010



**No er det rundt rekna 15 centimeter tjukk is på Fjellandsbøvatnet.**

**Det betyr at den ervesvært trygg  
samstundes som det er varsle framleis kaldt ver.  
Difor er det grunn til å tru at det ligg an til ei stor  
utfartshelg. ved vatnet Tilhøva er innbydande,  
Sola skin framleis på området fram til 13-tida.**

Tor Vidar Sæle var på vatnet og gjorde målinger tysdag og då var isen 8 centimeter tjukk. Han hadde auka med 4 centimeter sidan sist sundag sjølv om det ikkje var særleg kaldt i tidsrommet mellom dei to dagane.

Isen legg på seg 2-3 centimeter i døgnet sjølv om det ikkje er særleg kaldt. Men dei siste dagane har temperaturen øverst i dalen vore nede i rundt 10 og då har tjukkelsen truleg auka med 4 centimeter.

I dag tidleg var temperaturen på Friheim 12,4 medan den var 7,8 ved 20-tida i kveld. Like kaldt var det nede i sentrum.

Sæle seier at tilhøva no ligg svært godt tilrette for ein vellukka skeisetur fordi isen i år er jamnare enn på fleire år.

Men som alltid før er det grunn til å gjera klart at ein må halda seg vekk frå områder der det renn ut eller kjem inn vatn.

Biletet: Så innbydande er isen i ettermiddag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen